

Styremøte i VBK

Tid: Torsdag 14.06. kl 18

Stad: Biblioteket

Desse møtte: *Solveig, Bjørg, Mette M, Petra, Magnhild*

Forfall: Mette M V. Ingen vara møtte.

Berit Fredriksen møtte i sak 26.

Bjørg hadde fått æra av å opne dag 2 av landsmøtet som vart avvikla i Ålesund sist helg. Etter leiar si oppmoding innleia ho styremøtet denne kvelden med dei velvalde orda og diktet som ho hadde framført der.

Sakliste

25/24. Referat og orienteringar

Oppfølging frå sist styremøte m.m.:

Måltid i barnehagen; *Ikkje endeleg avklaring på spørsmålet frå Syltebøen barnehage til VBK om tillaging av måltid basert på tradisjonskost.*

Kulturmidlar; Det var semje på sist styremøte, sak 24/24, at laget ikkje fylte kriteria for å søkje om kulturmidlar dette året. I ettertid har det kome til fleire aktivitetar som laget blir engasjert i, og som kjem inn under desse kriteria med tiltak retta mot barn og unge. Td. Sommarskule, aktivitetsdag, og 4H samling. *Solveig og Berit fyller ut søknad og sender inn.*

Landsmøtet; Kort referat frå deltakarane på landsmøtet. Arrangementet fekk lovord for samlinga. Godt program og godt opplegg.

Olso; Komiteen har hatt 3 møte saman med helselaget. Alle vaktene i bygdekvinnelaget skal vere ordna, Solveig har sendt ut SMS til involverte. Vaktoppsett må sendast ut når det nærmar seg. VBK handlar inn varer, helselaget ordnar rekneskapen.

26/24. 4- H kurs 28.september

Berit orienterte.

Skal vere siste helga i september, det er eit «storkurs» for alle 4H-lag i fylket.

Alt skal foregå i Tafjord, og ein reknar med om lag 100 påmelde.

VBK får spørsmål om å halde kurs laurdag 28.sept. (9-15).

Det er valg mellom fleire aktivitetar, ungdommane melder seg på dei ulike aktivitetane i forkant.

Det er ønske om eit alternativ som handlar om mat, truleg blir det ei gruppe på om lag 8 – 10 deltakarar.

Styret stiller seg positivt til å delta på dette.

Petra og Mette M tenkjer ut kva som kan vere alternativ til å lage til.

27/24 Økonomi

Petra orienterte, kontoutskrifter vart delt ut.

28/24 Julekalender

Laget skal bidra med to gevinstar til kalenderen. Semje om 2 stk gåvekort a kr 500. *Mette Marie ordnar dette.*

Frist for innmelding er sett til 10.juli. Bjørg melder inn.

29/24 Haustplan

Det vart sett ca. datoar for nokre av medlemsmøta, samt årsmøte planlagt til 5.nov.

Ein held fast med tysdagar for medlemsmøte og torsdagar for styremøte.

Bjørg og Mette samanfattar oppsett i tråd med dei arrangement som laget skal delta på.

30/24 Distriktssamling 7.september

Styret har gjort tidlegare vedtak om inntil full refusjon for 3 utsendingar til distriktssamling.

Om det er aktuelt for fleire å delta, bør det fordelast på antalet.

Styret vedtek at laget kan sponse kr 1.000 pr. deltakar.

Invitasjon til medlemmane vart sendt ut, der dette vart presisert.

31/24. Supersommar 13.august

Solveig har hatt ansvar for dette og sendt ut forespurnader til medlemmene og andre utanom laget om bistand på skulekjøkkenet denne dagen.

Dagen blir delt i to, og det er behov for 8 personar for å hjelpe til. Førebels har ein berre 4 stk, manglar 4 personar til. *Styremedlemmene får i oppdrag å skaffe dei 4 som manglar. Meld frå til Solveig.*

Det vil bli kopierte eit opplegg for kva som skal lagast til og alt blir innkjøpt på førehand. Deltakarane skal vere i aldersgruppa 12-15 år.

Møtet slutt kl. 20.10

Magnhild

skrivar